



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjos@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET mandag 30. mars 2009 kl 18.30 hjá HBH Møbler AS, Fotlandsvåg

Me får **omvising hjå HBH Møbler AS** og ei lita orientering om verksemda ved **Stein Ottar Olsen**.

Prosjektleiaren i Statens vegvesen for bygging av **ny veg Hauge - Lonevåg**,
Tor Arne Thorsen,
vil orientere om dette prosjektet og svare på spørsmål.
Anbodet er nyleg lyst ut.

Me får også med oss Osterøy sin nye **rådmann**,
Odd Ivar Øvregård,
som ønskjer å bli kjend med næringslivet
og som vil orientere om planar for utvikling av Osterøy.
Han har allereie vitja 7 av våre medlemsverksemdar.

Me fekk ei flott orientering og omvising på HBH. Det var gode innlegg. Øvregård fekk halde sitt innlegg før Thorsen.

*** Mat og kaffi**

* Årsmøtet:

19 framømte.

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar: *Leiaren*. Val av skrivar: *Sekretæren*. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen: *Magnus Thunestvedt og Norodd Helle*.

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjø årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

Vedtak: Godkjende.

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

Styret har ikkje gjort framlegg om justering i satsane med unnatak for revisor.

1 tilsett	700 kr/år
2-4 tilsette	1.000 kr/år
5-9 tilsette	1.400 kr/år
10-14 tilsette	1.700 kr/år
15-30 tilsette	2.500 kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 kr/år
Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 kr/år	
Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.	
Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.	
Godtgjersle til revisor: auke frå kr 500 til kr 1.000.	
Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.	

Vedtak: Godkjend.

4 **Budsjett**. Sjø vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: Godkjend.

5 Eventuelle **innkomne saker**.

Ingen saker.

6 **Val**.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Kjell Lerøy og Arne Hansen står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Ivar Solberg, Johan Solberg og Monica Solberg).

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulentent (Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen, Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

Valet vart leia av Astrid Tveiten.

Valnemnda sitt framlegg:

Styret:

Lars Magne Bysheim, gjenvalg.

Kjell Lerøy, gjenvalg

Arne Hansen blir erstatta av Vigdis Hellevang

Varamedlemmer:

Ivar Solberg, gjenvalg.

Johan Solberg, gjenvalg.

Monica Solberg blir erstatta av Trude Jacobsen.

Turnemnda, styringsutvalet for industrikonsulenten og revisor; gjenvalg av alle

Valnemnd: Jørn Jacobsen, leiar, attval. Monica Solberg og Arne Hansen nye.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg samrøystes vedteke.

7 Årsmelding for Industrikonsulenten (meldingssak). Kort orientering i møtet.

Ingen merknader.

Osterøy den

Magnus Thunestvedt

Norodd Helle

Etter årsmøtet kan andre meldingar og andre saker takast opp.

Johannes Borge gjorde innspel om å bruke invitasjonen frå rådmannen til å få fram og sette fokus på viktige saker for Osterøy-samfunnet og Osterøy Industrilag og gjerne invitere rådmannen til eit styremøte før ferien. Fleire støtta framlegget.